

Uttale frå grunneigarar Myklemyr med fleire.

Slik som stoda er no ser me ikkje noko samsvar mellom ulemper som ei eventuell utbygging vil påføre bygda, og utsikter til kompensasjon for desse.

Og i og med at det har blitt klart at utbygging av Vestsida vil ha liten flaumdempende verknad sidan dei planlagte tunellar og bekkeinntak ikkje vil kunne ta unna flaumstore elver ved store nedbørmengder og stor snøsmelting i fjellet, ser me ikkje dette som eit argument for utbygging lenger.

Negative sider ved ei eventuell utbygging:

Ved reguleringa av austsideelvane vart mykje av det "klare" vatnet borte. Evjeinnhaldet i elvane frå breane vert difor "spedd" ut i mindre vassmengde i Jostedalselva (Storelvi), og konsentrasjonen av evje blir større. Evja avleirar seg både på elvebotn og elvebredden langs heile vassdraget. Ved gjennomføring av Statkraft sine planar vil dette bli verre og svært uheldig for alt levande i elva på grunn av større konsentrasjon av evje i vatnet og lågare temperatur. Fisken auren går ei svært utrygg framtid i møte. Problema for dei som er avhengig av brønn for vassforsyning blir endå større.

Før utbygginga av austsida var det eit fint tilpassa natursystem: når temperaturen steig, auka vassføringa i elva og dermed steig grunnvatnet som i sum ga gode vekstvilkår. Dette systemet er alt skipla og vil bli endå meir skipla ved ny utbygging. Lågare temperatur i elva vil påvirke lokalklimaet og dette er uheldig for landbruket, fordi klimaet frå før set grenser for mange vekster.

Storparten av dei lett drivne jordbruksareala i Jostedal ligg på elvesletter (elveavsetningar) som er utsette for tørke på forsommaren. Konsentrasjonen av evje i elva er som nemnt alt stor, og ville blitt enda større ved ny utbygging. Vatn frå Jostedalselva kan difor vanskeleg brukast til vatning av matplanter og kanskje heller ikkje til eng som skal brukast til foring av mjølkekyr.

Difor seier me på det noverande tidspunkt nei til utbygging av vestsideelvane, og Vigdøla.

Mvh

Kåre Øyen, Kristen O. Øyen, Ola Skjæret, Svein Olav Skjæret, Otto O. Myklemyr, Olav Stølen, Margit Krokgjelet.